



Westland Hotel AS
Kvalen 30
5955 LINDÅS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/1047 - 22/93344

Saksbehandlar:
Per Sveinar Morsund
per.sveinar.morsund@alver.kommune.no
o

Dato:
07.12.2022

Oppfølging av brakkebygning settast i bero for ein periode - gbnr 108/102 Lindås

Tiltak: Brakkebygg
Byggjestad: Gbnr 108/102 Kvalen 30
Tiltakshavar: Westland Hotel AS

Saka gjeld

Kommunen var på synfaring 24.08.22 i forbindelse med oppført brakkebygning på eigedommen.

Vurdering

På synfaringa vart det stadfesta at bygningen ikkje er i bruk. Det er satt opp byggegjerde rundt eigedommen for å hindre uønska adkomst til bygget. Bygningen er ikkje vurdert å være til fare for liv og helse. Etersom bygningen har stått oppført over lengre tid må det likevel vurderast som ein søknadspliktig oppført bygning.

Tiltakshavar har gitt uttrykk for at det er planar for bygningen, men at planane har blitt sett på vent på grunn av næringsmessige omstendigheter.

Kommunen set oppfølging av saka på vent fram til 01.05.23.

Dette vil gi tiltakshavar noko tid til å områ seg og vurdere vidare bruk av bygningen samtidig som det gir eit påtrykk til å komme vidare i prosessen. Dersom det ikkje skjer noko i saka vil kommunen etter fristen gå vidare til førehandsvarsel om retting og tvangsmulkt. Retting vil i dette høvet være å fjerne bygningen og tilbakeføre terreng. Alternativ til fjerning vil være å søke om å få legalisert tiltaket.

Vi orienterer også om at bygningen ikkje kan takast i bruk uten at det vert godkjent gjennom ein søknad.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 21/1047

Med vennleg helsing
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Eirik Berntsen
Avdelingsleiar

Per Sveinar Morsund
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Westland Hotel AS

Kvalen 30

5955

LINDÅS